

– Me er overraska:

Har brukt svært mykje areal per nye innbyggjar

SOGNDAL: Gamle Sogndal kommune sitt val om å breia seg ut på Kaupanger og Kjørnes, i staden for i Fjæra, har kosta uvanleg mykje areal i høve til folkeauken, viser ein ny forskingsartikkel. – Me vart overraska over kor mykje matjord og natur som har gått med, seier forskarane.

ARVE UGLUM
arve.uglum@sognavis.no



OVERRASKA: Forskarane Kyrre Groven og Liv Norunn Hamre er overraska over kor mykje natur og jordbruksland som har gått tapt i Sogndal sin vekst.

FOTO: ARVE UGLUM

– Det kan verka som gamle Sogndal har planlagt kriminelt dårleg, men det er ikkje nødvendigvis tilfellet. Dette kan ha skjedd fordi stadene som er undersøkte har vore på ulike stadium i utviklinga. For i denne perioden har Sogndal utvikla seg frå å vera ein heller ubetydeleg bygdeby, til å bli eit regionsenter, seier Kyrre Groven, seniorforskar ved Vestlandsforskning.

Ny forskning frå Vestlandsforskning og Høgskulen på Vestlandet (HVL) syner at tettstadutviklinga har krevd svært mykje areal. Det har gått med svært mykje natur og jordbruksjord per nye innbyggjar i regionsenteret.

– Det er overraskande og tankevekkjande at me har hatt så god råd med arealet. Me trur me vassar i fri natur, men me legg veldig mykje av den under asfalt, seier Groven.

Les kronikken til forskarane her:

Berre jordbruksland var flatt nok

At det har gått med mykje jordbruksland, særleg i tettstaden Sogndalsfjæra, kan hende forklarast med vestlandsk topografi, trur Liv Norunn Hamre, førsteamanuensis ved institutt for natur- og miljøvitenskap ved HVL.

– Det kan forklarast med at det berre er der det er flatt nok til å byggja, seier ho.

Undersøkinga byggjer vidare på eit forskingsarbeid som vart gjort i 1990, og har kartlagt endringane som har skjedd sidan då i fire ulike tettstader rundt om i Noreg, blant dei Sogndal. I denne perioden har folketalet i det som var Sogndal kommune auka med 40 prosent. I forskingsarbeidet er arealbruken i Sogndal samanlikna med Horten, Malvik og Trondheim Øst, og resultatata er oppsiktsvek-

kjande når Sogndal blir samanlikna med dei andre.

Over dobbelt så mykje areal

– For kvar nye innbyggjar som har flytta til Sogndal, har Sogndal brukt to til fem gongar så mykje areal på å busetja denne innbyggjaren som stadene me har samanlikna med, seier Groven.

Sogndal er klart dårlegast i klassen, og i forskingsartikkelen som vart publisert i artikkelsamlinga Fjordantologien under høgskulemiljøa sin årlege konferanse, set dette i samheng med at dei store utbyggingane har skjedd på Kjørnes og Kaupanger, og ikkje der det var tettast frå før: Altså i Sogndalsfjæra. Kjørnes, Kaupanger og Sogndalsfjæra er dei tre stadene i gamlekommunen som Statistisk sentralbyrå definerer som «tettstader».

Malvik brukte halvparten

– Det er overraskande, og litt motsett av det eg såg føre meg sjølv i 1990. Eg trudde dei store bustadutbyggingane kom til å skje på Bjelde og Åberge, seier Groven.

– Men det kan sjølvsagt forklarast med at på Kaupanger og Kjørnes har det vore areal tilgjengeleg til bustader, og også næringsareal på Kaupanger, seier Hamre.

Utviklinga har forskarane og studentane som har vore involverte i prosjektet kome fram til ved å studera flyfoto frå 1990 og 2018.

– Malvik i Trøndelag har til samanlikning brukt ein femdel av jordbruksarealet Sogndal har brukt, og halvparten av naturarealet. Og det er altså per nye innbyggjar. Det er flyfotoa som er grunnlaget for det me seier, og folk må hugsa at det er augneblinksbilete, seier Groven.

– Stadene er ulike. Horten er til dømes ein mellomstor by og var mykje meir etablert enn Sogndal i 1990, seier Groven.

Artikkelen vann pris

Kyrre Groven er hovudforfattar på artikkelen, medan Liv Norunn Hamre, Karen Richardson og Torbjørn Selseng er medforfattarar. Den vart kåra til beste artikkel under årets Fjordantologi, og fekk ein pengesum for det.

– Det var ei hyggeleg anerkjenning, seier Groven.


– Det kan vel tyda på at de er inne på noko?

– Artikkelen held i alle fall fagleg mål, seier han.

Tettare og høgare framover

Forfattarane håpar no at artikkelen kan vera med å peika på vegen framover for tettstadutviklinga i Sogndal.

– Det er interessant å sjå bakover for å sjå korleis me skal te oss i framtida. Kva skal vi lære av dette? Eg tenkjer at me må gjere som på Fossetunet i Sogndal, der ein skal byggja høgt og tett der det var gamal bygningsmasse og parkeringsplass. Då kan du plassera mykje folk og mykje aktivitet på eit område



MALVIK: Undersøkingane viser at Sogndal har brukt dobbelt så mykje natur og fem gongar så mykje jordbruksareale per nye innbyggjar som Malvik i Trøndelag.

som var utbygd, men dårleg utnytta frå før.

– Det same er det med Lerum brygge, og kva med billagstomta? Den er ein juvel. Me har ikkje vore gode nok til å utnytte areal før, men me må bli no. Men me må gjera det med kvalitet.

– Riva gammalt og byggja nytt og meir effektivt, med andre ord?

– Det må bli tettare og høgare, men ikkje for ein kvar pris, det må gjerast med vit. Me gir inga blankofullmakt til å riva gamle hus i Sogndal, men når eigarane på Fossetunet vil riva dei gamle og bruka litt parkeringsplass, er det musikk i mine ører, seier Groven.

MARKISER - SCREENS - INTERIØRGARDINER - GARASJEPORTER

ALLE TERRASSE-MARKISER OG ZIP-SCREEN

-30%
TIL 04.07.

GRATIS BEFARING
911 50 200
fasadeprodukter.no

FÅ DAGER IGJEN!

Fasade[®]
PRODUKTER